

AUKRA KOMMUNE
PLANSTRATEGI 2024-2027

Høringsutkast

Innleiing

Kommunal planstrategi er ein oversikt over planbehov og prioriteringar for inneverande kommunestyreperiode. Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan. Kommunal planstrategi er såleis ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

Planlegginga skal vere behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn nødvendig, og vere tilpassa kommunen sin situasjon og utfordringar.

UTFORDRINGSBILDE

Nasjonale forventingar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. I forventingane for perioden 2023-2027 peikar regjeringa ut følgjande fem overordna perspektiv:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Innafor dei fem områda er det formulert totalt 72 forventingar av meir eller mindre konkret og eller aktuell karakter. Som relativ liten kommune vert det opplevd som overveldande og lite realistisk å innfri alle forventingar, og forventingane må sjåast på som eit bakteppe oppimot vurdering av dei lokale utviklingstrekk og utfordringar.

I tillegg legg regjeringa til grunn at FN sine 17 berekraftmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling, og berekraftsmåla skal difor vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i kommunane.

For å sikre at nasjonal politikk vert gjennomført lokalt i Møre og Romsdal har Statsforvaltaren utarbeida «Forventningsbrevet 2024- nasjonale forventingar til kommunane». Forventingane er formulert gjennom følgjande hovudtema:

- Berekraft
- Kommuneøkonomi
- Barn og unge
- Gode helse- og omsorgstenester
- Ei trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk
- Berekraftig landbruksforvaltning
- Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunale utfordringar

- Klimaendring og tap av natur
- Krig i Europa
- Utanforskning
- Flyktningar og integrering

- Ei eldre befolkning
- Mangel på folk og kompetanse
- Kunstig intelligens – utfordring og moglegheit

Regionale forventingar

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok fylkesplan 2025-2028 og regional planstrategi juni 2024. I prioritert rekkefølge ser regional planstrategi følgjande utfordringar:

1. Vedvarande mangel på arbeidskraft og kompetanse
2. Auke i tal eldre og færre yrkesaktive for kvar pensjonist
3. Aukande miljø- og klimautfordringar
4. Aukande ulikskap, utanforskap og fattigdom
5. Trongare økonomiske rammer

Fylkesplan 2025-2028 legg til grunn 17 planmål. Mange av måla er knytt til regionbygging, samarbeid med kommunane, miljø og klima, inkludering- og kompetanse samt verdiskaping.

Nye lover/lovendringar som gir føringar for kommunal planlegging

Bustadsosial lov

Stortinget vedtok 12. desember 2022 ein ny lov på det bustadsosiale feltet. Lova trådde i kraft 1. juli 2023. Den skjerpar kommunen sin ansvar for samordning og plikt til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga. I den nye bustadsosiale loven er det krav om at oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte skal vere oppfylt seinast 1. juli 2027. Aukra kommune er i forkant av dette ved at bustadpolitisk plan vert vedteke hausten 2024.

Med innføringa av Barnevernsreforma 1.1.2022 kom eit lovkrav til kommunane om å ha ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem.

Folkehelse

Folkehelseloven § 5 seier mellom anna at kommunane skal ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkinga samt negative og positive faktorar som påverkar. Vidare seier folkehelselova at denne oversikta skal gå inn som grunnlag for arbeidet med planstrategi og at ein omtale av kommunen sine folkehelseutfordringar bør vere ein del av strategidokumentet.

Aukra kommunestyre vedtok kommunen sin folkehelseoversikt juni 2024. Det er mange opplysningar samla i ei folkehelseoversikt. Dei viktigaste ressursane og utfordringane kan oppsummerst med:

Ressursar

- Høg forventa levealder
- Folk frå mange land bur i Aukra
- Nedgang i personar med låginntekt
- Aukra har låg arbeidsløyse
- Aukra sine elevar har god gjennomføring av vidaregåande skole
- Det er svært god kvalitet på drikkevandet i Aukra

- Det er lite luftforureining i Aukra
- Skolevegane har blitt tryggare dei siste åra
- Vi har 32 km med gang og sykkelveg i kommunen
- Aukra har 83 frivillige organisasjonar
- Det er fleire moglegheiter for dei som vil drive med eigenorganisert fysisk aktivitet
- Aukra har mange fine friluftsområde, badeplassar og turstiar
- Det er mange hus og møteplassar i Aukra kommune der ein kan møte andre
- Det er ingen personar som har døydd i drukningsulukker eller brann dei siste åra
- Aukra kommune har gode fallførebyggjande tiltak

Utfordringar

- Stor auke i den eldste delen av befolkninga framover
- Stor auke i folk som bur åleine
- Nedgang i fødselstal
- Lite tilbod av bufellesskap og leilegheiter
- Auke av unge utan arbeid og utdanning
- Låge tal på meistringsgrad i lesing og skriving 5. trinn
- Det er mange som ikkje trivast på skolen
- Aukra har svært høge tal på mobbing, særleg på 7. trinn
- Det har vore 1-2 trafikkulukker pr år dei siste åra
- Aukra har nokre område som er plaga av støy
- Mange ønsker seg betre kollektivtransport
- Det er få som er medlem i idrettslag i Aukra kommune
- Det er fleire unge som får tilbod om narkotika, mykje blir omsett på sosiale media

SENTRALE UTVIKLINGSTREKK FOR AUKRA

Til grunn for vurdering av utviklingstrekk og mogelegheiter er statistikk innan ulike samfunnsområde. Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeidar årleg kommunestatistikk innan sentrale tema. Denne følger vedlagt.

Demografi

I 2023 har det vore ein vekst i folketalet i Aukra på 24 personar, ein markant nedgang frå året som hadde ein vekst på 136 (3.7%) personar. Med eit negativt fødselsoverskot det året er det nettoflyttinga som forklarar veksten. Veksten begge åra er i stor grad knytt til flyktningar. Tal på ukrainske flyktningar auka med 22. Utan innvandringa frå Ukraina ville folketalet ha auka med 2 innbyggjarar. Aukra har totalt 122 personar frå Ukraina pr 01.01.24. Ein har altså ein folkevekst til trass for at eit negativt fødselsoverskot med fleire døde enn fødde

Aukra må ha høy og positiv attraktivitet for busetting og næringsliv for å få vekst i folketalet. Høy attraktivitet kan ikkje tas for gitt, sjølv om den har vore positiv tidlegare.

Talet på fødsjar går stadig ned og det har vore eit negativt fødselsoverskot dei siste 3 åra

Folketalet i 2024 er 1139 på fastlandet og 2537 på Gossen og Orten. Veksten i folketalet er langt større på Julsundet enn på Gossen. Pr 2024 er det 27 innbyggjarar over 80 år i Julsundet og 174 på øydelen.

Framskrivning

Statistisk sentralbyrå sitt hovudalternativ for framskrivning viser at Aukra kommune vil ha ein fortsatt folkevekst framover. Det er venta 3945 innbyggjarar i 2030 og 4218 innbyggjarar i 2040.

Som med alle prognoser så er det mange usikre parameter. Høy eller lav nasjonal vekst, høy eller lav innvandring osv. Det er svært stor usikkerheit om framtidig befolkningsvekst, jf andel flyktningar, nedgang i fødsler, fråflytting osv. Veksten kan fortsette, men det er også reell sannsynligheit for nedgang.

Ein av dei største samfunnsutfordringane framover vil være den store veksten i antal eldre og nedgangen blant yngre og , relativt sett, i yrkesaktive.

Framskrivning av befolkninga (MMMM-alternativet) viser at Aukra kan vente ein svak auke i aldersgruppa 0-5 år, men mest av alt i gruppa over 67 år, og spesielt over 80 år. Aldersgruppa 6- 15 år viser samstundes ein venta nedgang. Det er høg forventet levealder for begge kjønn i Aukra, høgast for kvinner. Dei demografiske endringane vil få innverknad for kommunen sin ressursbruk inn i tenestemråda barnehage og pleie og omsorg.

Om vi fortsett som no, vil behovet for pleie og omsorgstenester bli 58 prosent høgare i år 2040 (jf. rapporten «Boligbehov for eldre innbyggere fram mot 2040 for Aukra kommune», Agenda Kaupang). I 2030 vil behovet vere 20 prosent høgare enn i dag. Veksten av eldre går saman med nedgang i tal på yrkesaktive per person 67+. Dette er ei nasjonal utfordring som vil krevje nye arbeidsformer og mellom anna også ein heilskapleg bustadpolitikk.

Bustadbygging

- Utbygging av bustader har i lang tid vore større på fastlandet enn på Gossen. Omsetnadstida er langt kortare og salpris per m² er langt høgare på Julsundet i høve Gossen.
- Aukra kommune har lite tilbod av bufellesskap og leilegheiter samanlikna med andre kommunar. Når mange av behova og løysingane framover i høve til eldre sine bustader er knytt til fellesskapsløysingar, er dagens bustadmasse ei utfordring for Aukra kommune.

Kjerringsundet

- Etter fleire 10 tals år med arbeid knytt til realisering av vegsambandet Kjerringsundet er det i komande nasjonal transportplanperiode ikkje avsett midler til igangsetting. Sjølv om fokus fortsett er på realisering og på neste revisjon av nasjonal transportplan, så er det ikkje venta behov for endra kommunale planer.

Næring

Det har over tid vore arbeid for realisering av hydrogenproduksjon ved Nyhamna. Mange aktørar og interesser er involvert. Det vert lagt til grunn at ein utløysande faktor for hydrogenproduksjon ved Nyhamna er infrastruktur, i form av røyr til kontinentet samt CO₂ lagring. Det er ikkje venta at dette vil vere på plass før 2030. Innafor planstrategiperioden er det ikkje venta behov for endring av (kommune)planer. Ei igangsetting av kommuneplanrevisjon i siste del av planperioden kan møte ei eventuell positiv avklaring i høve nasjonale/internasjonale avtaler/investeringar.

Økonomiske utviklingstrekk

Aukra kommune har gjennom høge årlege frie disponible midlar ein sær god økonomi, sett i forhold til resten av kommunane i Norge. Det er bygd opp eit vesentleg disposisjonsfond, der største delen, gjennom dei politisk vedtekne avsettingane, er signalisert skal brukast til finansiering av fastlandsløysing for å sikre realisering av denne. Prosjektet Møreaksen, som fastlandsløysinga er avhengig av, vart ikkje gjeve prioritet i Nasjonal transportplan framlagt i 2024. Tid for realisering av prosjektet er derfor uavklart pr. i dag.

Gjeldande inngått avtale med Møre og Romsdals fylkeskommune legg føringar for vidare avsetting til fond for fastlandsavsetting på 100 mill. kroner, årleg prisvekst og avkasting på finansielle forvaltning av midlane i fastlandsfondet.

I regjeringa si perspektiv melding for 2024 blir det som tidlegare sett fokus på endra demografisk samansetting. Dette var og omtalt i kommuneproposisjonen for 2025 slik «Framover vil befolkningen i yrkesaktiv alder ikke lenger vokse, samtidig som det vil bli flere eldre. Andelen av befolkningen i yrkesaktiv alder vil dermed falle betydelig. Selv om friskere aldring og insentivene i pensjonsreformen kan medføre at mange eldre står lenger i arbeid, vil forsørgelsesbyrden øke.»

Berekningar som KS har gjort viser slike anslag på årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 2024-kroner) per tjenesteområde som følge av befolkningsendringer frå 1.1.2024:

Endring utgiftsbehov per 1.1	Pleie- og omsorg	Grunn- skole	Barne- hage	Sosial	Kommune- helse	Barne- vern	SUM AUKRA
2025	5 162	1 454	-3 217	353	488	71	4 311
2026	1 474	-1 636	629	392	365	97	1 320
2027	2 739	-364	2 957	228	285	164	6 010
2028	2 369	-182	1 439	388	145	82	4 242
2029	3 957	-4 363	3 230	304	255	-92	3 289
2030	379	182	1 712	255	150	80	2 756
2031	3 381	364	1 712	156	251	117	5 982
2032	1 920	727	429	174	248	50	3 549
2033	2 804	-1 454	1 439	243	135	-4	3 164
2034	1 764	182	544	177	204	64	2 935
Sum 2025-2034	25 947	-5 090	10 875	2 671	2 526	630	37 559

Utviklinga viser ei vesentleg auke innanfor området pleie og omsorg og barnehage, medan grunnskole viser ein reduksjon. Dette vil medverke til endra behov for kommunale tenester, og prioritering av tilgjengelege ressursar. Det er viktig å planlegge og legge til rette for desse endringane gjennom fokus i overordna strategisk planlegging og mål fasett i arbeidet med dette.

PLANSYSTEM

Figuren under viser plansystemet i Aukra kommune, og planstrategien sin plass i høve dei øvrige plantypene.


* Planstrategien er retningsgivande for kommunen si planlegging og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar. Det kan ikkje fremjast motsegn mot kommunal planstrategi.

* Den fireårige økonomiplanen er kommuneplanen sin handlingsplan.

* Kommuneplanen sine satsingsområde operasjonaliserast og konkretiserast gjennom tematiske og strategiske planer. Eit døme på ein slik plan er Barne- og ungdomsplanen. Strategiplanane vil i utgangspunktet vere 4-årig, men planhorisonten kan også vere lengre. Strategiplanane inneheld ikkje detaljerte tiltak, men formuleringar omkring «Slik vil vi ha det» og «Slik gjer vi det». Tiltak skal vurderast årleg og innarbeidast i einingane og i tråd med budsjett og økonomiplan.

* Felles for fag/tema/strategiplaner er at tiltak må finne vegen inn i den årlege budsjett- og økonomiplan for å kunne realiserast. Om delplanar har økonomiske konsekvensar skal desse først forankrast i økonomiplanen.

* Oppfølging kan også skje gjennom politiske saker og i fageinar sine interne planer.



Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet. Foto: Miljøverndepartementet

VURDERING AV PLANBEHOV

Utarbeiding av planar krev tilstrekkelege ressursar (fagfolk, økonomi og kompetanse) for å kunne bli gjennomført. For at planstrategien skal vere eit reelt styringsverktøy er det avgjerande med ei realistisk vurdering av kapasitet og kompetanse for mogleg gjennomføring av planar i planperioden. Det er ei erfaring frå tidlegare planstrategiar at ønskjer om ulike planer er større enn kapasitet og kompetanse i organisasjonen.

Det er forventingar til kommunen sin planproduksjon. Utfordringsbilete viser behov for planer og tiltak på fleire område. Det er avgrensa kapasitet i kommunen sin administrasjon og det er difor viktig at ein planstrategi prioriterer og gir ein realistisk plan for planarbeidet.

Det vert lagt til grunn følgjande kriteria for prioritering av ulike planbehov i planperioden:

- Evaluering av førre planstrategi
- Område prioritert i kommuneplanen sin samfunnsdel
- Område prioritert av øvrige myndigheiter
- Område som gir forenkling og forbetring av kommunen sine tenesteområde

Evaluering av planstrategi

I førre planperiode er det gjennomført mykje planarbeid (sjå vedlagt evaluering). Sjølv om ambisjonane var store og planoppgåvene mange så er planstrategi for førre kommunestyreperiode i de alt vesentlege gjennomført. Behovet for heilt nye planar/strategiar i komande planperiode er derfor lite.

A. Planer etter plan- og bygningsloven

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Aukra kommune sin samfunnsplan vart vedteke i 2019. Den identifiserer hovudutfordringane for Aukra og legg opp til ulike strategiar og prioriteringar for satsingsområda. Planen har framleis aktualitet og fleksibilitet til å fungere i eit 10/12-års perspektiv. Sjølv om det kan vere ulike syn på enkelttiltak, detaljeringsgrad og prioriteringar gir plana gode føringar for kommunen sitt arbeid i åra som kommer. Utifrå utfordringsbilde er det ikkje større/nye tema som ikkje vert fanga opp av kommuneplana sine satsingsområde: Attraktiv kommune, Barn og unge, Velferd og omsorg, Aukra i regionen, fornying/forenkling/forbetring, Kompetente medarbeidarar og rekruttering, berekraftig økonomiforvaltning og Klima og miljø.

I førre planstrategi har det vore eit fokus på å følgje opp dei overordna måla i kommuneplanen gjennom fag-/temaplaner. Det er utarbeid temaplaner for dei fleste av satsingsområda i kommuneplana; Barne- og ungdomsplan (2021), Omsorgsplan (2021), Klima- og miljøplan (2021), Næringsplan (2023), Bustadpolitisk plan (2024). Fokuset dei neste åra vil vere å følgje alle temaplanane som er avleda av kommuneplana. Revisjon av kommuneplana er eit svært omfattande og ressurskrevjande arbeid. Det må kome klåre erfaringar og tilbakemeldingar om heile plana skal reviderast. Det er ikkje vurdert større samfunnsmessige utviklingstrekk eller utfordringar som vil krevje større samfunnsmessige eller arealmessige konsekvensar som ikkje er omfatta av gjeldande kommuneplan. Oppstart med revisjon av kommuneplana sin samfunnsdel og arealdel er lagt til sist i planperioden.

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplana sin arealdel vart etter ein fleirårig og svært omfattande prosess vedteke i 2016. Perspektivet er langsiktig, men bør reviderast når det vert vurdert som tenleg for å fange opp endringar i samfunnet. Revisjon av kommuneplana sin arealdel er eit svært omfattande og ressurskrevjande arbeid. Det må kome klare erfaringar og tilbakemeldingar om heile plana skal reviderast.

Det er ikkje større samfunnsmessige utviklingstrekk eller utfordringar som vil krevje større arealmessige konsekvensar:

- Etter ein omfattande prosess vil interkommunal sjøarealplan vere på plass i 2024
- Det er ikkje venta større utbyggingar i perioden, i og med at verken Kjerringsundsambandet eller hydrogenproduksjon får oppstart i planperioden
- Eit tydeleg teikn på endringsbehov er talet på dispensasjonssøknader og reguleringsplanar. Det er ikkje registrert ein auke i desse
- Det er fortsatt ledig utbyggingsareal til bustad og næring i gjeldande kommuneplan. Private initiativ med forslag til ny/endra reguleringsbehov vil handterast på vanleg måte

B. Tema/strategiplaner

Det har vore stor planaktivitet knytt til oppfølging av kommuneplana gjennom utarbeiding av temaplaner. Desse er relativt oppdaterte og relevante, og fokus har vore og vil vere på å sette desse i kraft.

Etter at fleire av desse temaplanane no har vore gjeldande nokre år er det ønskjeleg med ein «light»-revisjon for å oppdatere i høve eventuelle endra utfordringar og nye tiltak. Dette gjeld i første omgang:

- Barne og ungdomsplan
- Omsorgsplan
- Klima og miljøplan

Utifrå ein 4-års «syklus» er det lagt opp til ein planrevisjon i 2025.

Beredskap

Den tryggingpolitiske situasjonen har på kort tid blitt vesentleg endra. Oppdaterte og aktuelle beredskaps- og kriseplanar er viktig. Kommunen si overordna risiko- og sårbarheitsanalyse vil bli revidert i 2024. Kommunen sin kriseplan vert oppdatert fortløpande og årleg.

Klima og miljø

Klima og miljø er eit av hovudsatsingsområda i kommuneplana. Globale utfordringar og nasjonale forventingar er klare på at kommunal sektor har ei viktig rolle for å møte utfordringane. Aukra kommune var av dei første kommunane i fylket som utarbeida ein klima- og miljøplan i 2021. Utifrå ein 4-årig syklus vert det lagt opp til revisjon av plana i 2025.

Sjølv om **klimabudsjett** ikkje er ein plan, er utarbeiding av klimabudsjett satt opp i planstrategien. Klimabudsjett er ein viktig del av plansystemet, som ein system for kopling av klimaplanen og handling. Det var ikkje administrativ kapasitet og kompetanse i 2024 for eit slikt arbeid, grunna mellom anna langvarig vakanse, men dette arbeidet kan prioriterast i 2025.

Idrettsplan

Med bakgrunn i innspel frå Aukra idrettsråd og utfordringar knytt til nedgang i idrettsdeltaking, resultatet frå Ung Data undersøkingar og utanforskningsproblematikken ber Aukra kommunestyre om at det vert utarbeidd ei eiga **idrettsplan** for Aukra kommune. Denne planen må leggst fram i løpet av hausten 2025. Planen bør mellom anna fokusere på følgjande hovudtema: • Anlegg- og arealkartlegging • Aktivitet- og behovskartlegging • Drift- og vedlikehaldsplaner/strategiar og budsjett.

Trafikktryggingsplan

Førre planperiode var 2018-2022. Dei fleste tiltaka i førre plan er gjennomført. Den nye plana vil vere eit viktig grunnlag i budsjettarbeidet og for søknadar om trafikktryggingsmidlar.

Hovudplan for vassforsyning

Gjeldande plan var ei seksårig plan vedtatt i 2018. Eit oppdatert planverk sikrar ei trygg og sikker vassforsyning i kommunen, og vil vere eit grunnlag for investeringar i åra framover. Aukra kommune får levert vatn frå Eide vassverk i Hustadvika kommune, og dialog med nabokommunen er nødvendig for å sikre forsyningskapasitet i åra framover. Det er og eit stort fokus på sikring av kjelder og infrastruktur ut frå beredskapsomsyn, og dette viser viktigeita av eit oppdatert planverk.

Arbeidsgivarstrategi

Arbeidsgivarpolitikken er eit sentralt styringsmål, forankra i overordna planer. På den måten synleggjer vi samanhengen mellom arbeidsgivarpolitikken og nivået og innretninga på dei tenestene vi har ansvar for. Det er difor viktig med eit politisk eigarskap til arbeidsgivarpolitikken, for å vise retning og prioritere rammer for leiing og organisasjonsutvikling.

Arbeidslivet er i endring og mykje talar for at vi står overfor enda større endringar. Dette gjeld mellom anna stor teknologisk utvikling og grønt skifte og ikkje minst demografiske utfordringar som vil krevje høg og forlenga yrkesdeltaking. Behovet for arbeidskraft og måten vi løyser oppgåvene på blir påverka.

Arbeidsgivarstrategien er eit av fleire tiltak for å møte utfordringane. Ein nyskapande arbeidsgivarpolitikk sikrar ein berekraftig kommunesektor no og i framtida. Gjennom god leiing, evne til omstilling, kontinuerleg læring og samarbeid må vi løyse oppgåvene på nye måter.

Planoppgåver 2024-2027

	2024	2025	2026	2027
Kommuneplan samfunnsdel				2027
Kommuneplan arealdel				2027
Kommunedelplan sjøareal	2024			
Bustadpolitisk plan	2024			
Klima og miljøplan		2025		
Klimabudsjett		2025		
Barne og ungdomsplan	2024	2025		
Omsorgsplan	2024	2025		
Strategisk næringsplan				2027
Risiko og sårbarhetsanalyse	2024			
Krise og beredskapsplan	2024	2025	2026	2027
Kulturplan	2024			
Idrettsplan		2025		
Borgerundersøking		2025		
Trafikktrygging		2025		
Folkehelse				2027
Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtfersdsproblem	2024			
Plan for naturmangfald			2026	
Arbeidsgiverstrategi		2025		
Hovudplan for vassforsyning		2025		

Vedlegg: Evaluering/gjennomføring planstrategi 2021-2023

PLANOPPGÅVER 2021-2023	2020	2021	2022	2023	Kommentar
Kommuneplan samfunnsdel					2019
Kommuneplan areal del					2016
Hovudplan vannforsyning				2023	2020
Hovudplan avløp		2021			2021
Bustadpolitisk HP		2021			2024
Klima og miljøplan		2021			2021
Trafikktrygging				2023	2022
Barnehageplan					ikkje gjennomført
Skolebruksplan			2022		ikkje gjennomført
Kommunal ROS plan			2022		2024
Pandemiplan	2020	2021			2020
Beredskapsplan	2020	2021	2022	2023	kontinuerlig oppdatert
Lønnspolitisk plan	2020		2022		Under utarbeiding
Alkoholpolitisk plan	2020				2020 og 2024
Kommunikasjonsplan		2021			ikkje gjennomført
Likestilling og mangfald				2023	ikkje gjennomført
Psykisk helse og rus				2023	Under utarbeiding
Barne -og ungdomsplan	2020				2021
Omsorgsplan	2020				2021
Vald i nære relasjonar		2021			2021
Folkehelse	2020	2021	2022	2023	2024
Kulturminneplan	2020				2023
Kulturplan	2020				2024
Kompetanseutviklingsplan	2020				Arbeid pågår for ny arbeidsgiverstrategi. Kompetanse og rekruttering inkluderer eller blir ny underplan
Rekrutteringsplan	2020				Arbeid pågår for ny arbeidsgiverstrategi. Kompetanse og rekruttering inkluderer eller blir ny underplan
Områderegulering til industri Julsundet og Nautneset		2021	2022		ikkje gjennomført
Regulering av kommunalt bustadfelt (Fiskarfagskula)		2021	2022		ikkje gjennomført
Tettstadsplan Falkhytten					2019
Eigarskapsmelding		2021			2022
Strategisk næringsplan			2022		2023
Interkommunal sjøarealplan		2021	2022		2024